



Vår dato:

29.06.2022

Vår ref:

2021/7188

Dykkar dato:

[RefDate]

Dykkar ref:

[Ref]

[Mottakernavn]

Saksbehandlar, innvalstelefon

[Adresse]

Maria Knagenhjelm, 5764 3137

[Postnr] [Poststed]

[Kontakt]

Høyring av frivillig skogvern for Osøyra naturreservat i Kinn kommune

Som ein del av arbeidet med å ta vare på naturmangfaldet i Vestland fylke sender vi ut framlegg til frivillig skogvern av Osøyra i Kinn kommune. Du er velkommen til å sende innspel i høyringsfasen innan 1. september 2022.

Tilbodsområdet Osøyra er lokalisert på gards- og bruksnummer 89/1 i Kinn kommune. Arealet er eigd av ein privat grunneigar som har signert tilbod om vern av eigedomen som naturreservat etter prosedyren for frivillig skogvern.

Området ligg på fastlandet i den sørlege delen av gamle Flora kommune, sør for Eikjefjord. Arealet er avsett til LNF-område i gjeldande kommuneplan. Osøyra er uvanleg stort i skogvernsamanheng, og går frå 0 til 400 meter over havet på begge lisidene av Oselva/dalføret. Vi ber om høyringsinnspele for arealet som har ein storleik på 8757 dekar.

Bakgrunn

Gjennom behandlinga av stortingsmeldinga Natur for livet – Norsk handlingsplan for naturmangfald (Meld. St. 14 (2015-2016)) vedtok Stortinget ei opptrapping av skogvernet i Noreg til 10 prosent av skogarealet. I 2020 var omlag 5 prosent av skogarealet og ca. 3,8 prosent av den produktive skogen verna i Noreg. Vi har drøye 3 prosent skogvern i Vestland. I stortingsmeldinga vert auka skogvern framheva til å ha stor positiv effekt på trua artar i skog. Dette skal skje ved vern av offentleg eigd skog og ved frivillig vern av privateigd skog. Frivillig vern inneber at skogeigarane tilbyr staten vern av eigen skog.

Det er eit nasjonalt miljømål at eit representativt utval av naturtypane i skog blir verna for kommande generasjonar. Vern av skog er også viktig for å nå mange andre miljømål vedtekne av Stortinget.

Frivillig skogvern

Artsdatabanken som er den nasjonale kunnskapsinstitusjonen for naturmangfald, reknar med at om lag 60 prosent av alle artane på fastlandet i Noreg har skog som levestad. Totalt 90 prosent av dei




trua raudlisteartane vert negativt påverka av menneskelege arealendringar, og fysiske inngrep som følgje av utbygging og skogbruk er blant dei viktigaste faktorane. Derfor er det å ta vare på levestadane til artsmangfald i skog blant det viktigaste tiltaket vi kan gjere for å sikre Vestlandsnaturen for framtida.

Dei siste åra har frivillig skogvern vore den mest aktuelle verneforma. Som ordet seier, er dette eit vern der staten er heilt avhengig av at grunneigarne sjølv ønskjer dette. Grunneigaren på Osøyra har akseptert det økonomiske tilbodet frå staten. Det er Norskog som har framforhandla vernet på vegner av grunneigar, og som ser til at interessene til grunneigaren blir ivaretakne.

Verneverdiar på Osøyra

Osøyra har verneverdiar av høg kvalitet og tilbodsområdet vil kunne dekke viktige manglar i skogvernet i Vestland. Innanfor tilbodet er det avgrensa åtte naturtypelokalitetar av ulik storleik. To av disse er store, gamle tre av eik. Fem av naturtypelokalitetar er av regnskog, og ein er med gammal, boreal lauvskog. Både boreal regnskog med furu og fattig boreonemoral regnskog vil kunne bidra til å sikre eit meir representativt utval av skog i fylket for framtida.



Figur 1 Delar av tilbodsområdet Osøyra sett vestover. Arealet er stort og variert og inneheld fleire lokalitetar av vestnorsk regnskog. Foto: Johan Trygve Solheim

Osøyra har høge kvalitetar i både storleik og arrondering. Det tilbydde arealet dekkjer heile gradienten frå fjord til fjell på begge sider av Oselva/dalføret og ligg delvis i lågareliggjande terrengr. Dei mange lokalitetane av vestnorsk regnskog i tilbodsområdet er spesielt, då det både er fattig boreal fururegnskog og gammal kystfuruskog i blanding. Vestnorsk regnskog er ein skogtype Norge har eit særleg forvaltingsansvar for, og som dermed også gjer området verneverdig.

Det er registrert fleire sjeldne, trua og sårbare artar, som til dømes fossegrimemose og praktdraugmose. Området har gjennomgåande eldre skog, og vi er trygge på at det er fleire raudlista artar enn det som er registrert, særleg knytt til gammal/død furu. Tidlegare Flora kommune er eit viktig område for regnskog i Noreg, og lokalitetane på Osøyra er ein del av eit større nettverk av regnskogskvalitetar i regionen.



Innslaget av regnskogsartar er høgt til å ligge så langt nord og for enkelte artar er det både geografiske interessante registreringar og nasjonalt viktige bestandar. Området har vore kartlagt av erfarte biologar, og Statsforvaltaren har vore på synfaring i felt med grunneigar.

Heimelsgrunnlag

Vern av spesielle område eller førekomstar skjer i medhald av naturmangfaldlova jf. ss 33-51. I naturmangfaldlova er det gjeve heimel for vedtak av ulike vernekategoriar. Vernekategorien naturreservat, som er det strengaste vernet etter naturmangfaldlova, vurderer vi er mest aktuelt for Osøyra.

Konsekvensar av vernet

For å ta vare på dei sårbare og store naturkvalitetane i området er det nødvendig med ei verneform som sikrar området mot inngrep. Det er difor ønskjeleg å verne om områda som naturreservat etter naturmangfaldlova § 37. Ei slik verneform vil i utgangspunktet forby aktivitetar og nye anlegg som kan skade verneverdiane i naturreservatet. Vernet vil føre til visse restriksjonar på bruk av området, både når det gjeld hogst og andre inngrep. Grunneigarane vil framleis ha rett til jakt og fiske og ålmenta generelt for sinking av sopp og bær. Ein skal også kunne halde eksisterande turstiar ved like.



Figur 2 Delar av tilbodsarealet Osøyra sett austover. Osen gard ligg om lag midt i biletet. Det er ein del gran i dei lågare delar av området, som er føremålsteneleg å restaurere tilbake til naturskog. Foto: Johan Trygve Solheim

Brukarinteresser

Det er ikkje beite frå husdyr i det foreslegne naturreservatet i dag. Forskrifta opnar for beiting med beitedyr dersom grunneigarane ønskjer det i framtida, samt utplassering av saltstein i samband med eit eventuelt dyrehald. Forskrifta har også ei opning for å kunne søkje om oppsetting av gjerde dersom det er aktuelt i samband med husdyrhald. Det er enkelte steingardar som spor etter tidlegare tiders utmarksslått. Disse vil kunne bli sett i stand som kulturminne. Det er ikkje reindrift eller samiske interesser i området.



Grunneigar har inkludert areal tilplanta med gran i tilbodsområdet. Grana er i ein spreiingsfase og det er år om anna stor produksjon av kongler på trea. Grunneigar skriv i tilbodsbrevet at han ønskjer å forhindre vidare spreiling av gran, og at han ønskjer arealet tilbakeført slik det var før grana var planta der. Statsforvaltaren har inkludert granfelta i utkastet til vernekart, slik at vi på sikt kan fjerne disse.

Jakt er ein stor del av det lokale friluftslivet i Osøyra. Dette vil kunne fortsette uavhengig av eit vern. Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt vil være lov. Ein vil også kunne varsamt rydde mindre mengde kvist i siktgater i samband med storviltjakt i eit framtidig naturreservat. Bålbrenning vil være lov med tørrkvist frå bakken eller med medbrakt ved i samsvar med gjeldande lovverk. Varsam uttransport av felt storvilt med beltegåande terregnkøyretøy har også verneforskrifta opna for, så lenge det ikkje blir sett varige spor i terrenget.

Det er ein traktorveg i Oslia i den sentrale delen av kandidatområdet. Denne vil grunneigar kunne halde ved like i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet. Den aktuelle traseen kan framleis bli nytta i samband med naudsynt uttransport av felt storvilt med motoriserte hjelpemiddel.

NVE skriv i si uttale til oppstartsmeldinga for vern at det er kartlagt digitale småkraftverk i kandidatområdet: *Sør-vest for Verpeholmen er det et digitalt kartlagt småkraftpotensial som utgjør 0,43 GWh/år med en utbyggingskostnad på 8,5 NOK/kWh (2021-priser). Det er også et småkraftpotensial som ligger nært det foreslalte verneområdet i Oselva. Dette potensialet utgjør 6 GWh/år med en utbyggingskostnad på 5,3 NOK/kWh (2021-priser). Sammenlignet med andre konsesjonsgitte vann- og vindkraftproduksjoner, men som ikke er utbygd regnes disse småkraftpotensialene som lite lønnsomme prosjekter. Potensialene er vurdert til å ligge blant de 20 % dyreste småkraftpotensialene. I Vassetedalen er det også et digitalt kartlagt småkraftpotensial. Småkraftpotensialet som ligger i Vassetedalen utgjør 1,5 GWh/år med en utbyggingskostnad på 4,52 NOK/kWh (2021-priser). Ned mot Leirhola er det et småkraftpotensial som utgjør 1,53 GWh/år med en utbyggingskostnad på ca. 4,6 NOK/kWh (2021-priser). Småkraftpotensialene er vurdert til å ligge nær gjennomsnittet av konsesjonsgitt vann- og vindkraftproduksjon.*

Det er ikkje registrert kulturminne i området i offentlege databasar, men det utelukkar ikkje at det kan være kulturminne i området. Disse vil kunne bli sett i stand i samråd med kulturminnemynde.

Det er registrert ein nedlagt skytebane i forureiningsdatabasen like utanfor vernegrensa, der det er mistanke om forureining.

Vi har ikkje registrert samanhengande merka og registrerte tur- og friluftsrouter. Det er ei delvis stipla linje (sti) sør for Nosanipa som ikkje har start-/stopp-punkt. Vi er ikkje kjend med at det er ytterlegare brukarinteresser innanfor området. Det er i utgangspunktet ikkje opna for å halde større arrangement i naturreservatet, men det er opna for å kunne gje løyve jf. § 7 e til avgrensa bruk dersom arrangementet ikkje strir mot verneføremålet. Merking og rydding av eksisterande stiar er lov, og om det er behov for å merke og/eller rydde nye stiar som ikkje er avmerkt på vernekartet kan forvaltningsmyndigheten gje løyve til dette dersom vilkåra for dispensasjon er til stades.

Innspel til oppstartsmeldinga

Vi meldte offisiell start av vernearbeidet den 29. april 2022. Innan fristen den 26. mai fekk vi inn 7 innspel. Alle innspela kom inn til oss innan fristen.



Landbruksdirektoratet har nokre generelle innspel. Direktoratet ber om at landbruks- og reindriftsfaglege interesser blir teke omsyn til i utforminga av verneforskrifta, og at høyringsdokumentet greier ut kva interessert det er i området. Direktoratet går også ut i frå at landbruksfagleg kompetanse blir involvert i forskrift og verneplan, samt den lokale landbruksforvaltninga.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi meiner at dei generelle innspela frå Landbruksdirektoratet allereie er ivareteke i den framlagde forskrifta som er utarbeidd i dialog med grunneigarane. Brukarinteressene er elles greidd ut i dette brevet.



Figur 3 Det er ein del gran i nedre del av området, som her langs vegen inn til Osen gard. Grana utgjer eit trugsmål mot naturmangfaldet om det får spreie seg ukontrollert inn i regnskogen. Grana er for det meste lett tilgjengeleg å nå med skogsmaskinar. Foto: Statsforvaltaren i Vestland/ Maria Knagenhjelm.

Språkrådet sendte innspel til oss om namnsettinga, og tilrår oss å nytte namnet Osøyra naturreservat. Språkrådet støttar namneframlegget vårt fordi den elveosen og øyra som det er tale om i saka ligg midt i området.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for innspelet og nyttar namnet Osøyra naturreservat i prosessen vidare.



Forsvarsbygg skriv i sitt brev at etaten ikkje ser konflikta med det føreslegne verneområdet, og registrerer at dei generelle unntaka frå ferdsselsreglane inkluderer omsynet til militær operativ verksemد og landing og start med forsarefaets luftfartøy.

Statnett skriv i uttale at verksemda ikkje har transmisjonsnettanelegg eller planar som blir påverka av arbeidet med skogvernet, og har difor ingen merknadar til verneprosessen.

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) skriv at SFE Nett AS har skifta namn til Linja AS og ber om at denne blir inkludert på høyringslista. NVE ber Linja AS uttale seg sjølv i tilfelle utan konflikt. Linja AS er kopimottakar av brevet. NVE registrerer at Statnett SF ikkje har merknadar til verneplanarbeidet. Linja AS har områdekonseknsjon og eig eit 22 kV distribusjonsnett innanfor det føreslegne verneområdet. NVE ber oss ta høgde for drift, vedlikehald og fornying av eksisterande nettanelegg, samt naudsynt bruk av motorkøyretøy, i verneforskrifta. NVE ber Linja As uttale seg dersom standardformuleringane ikkje dekker deira behov.

Innanfor kandidatområdet finn NVE fleire digitale småkraftverk, og ber oss orientere grunneigar om potensialet. Meir om potensialet for kraft har vi omtalt under Brukarinteresser.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi har ført opp Linja AS som høyringspart i dette brevet. Nettselskapet var også kopimottakarar i brevet frå NVE til oss, og vi reknar med at selskapet nyttar høyringsperioden til å komme med ei uttale om selskapet vil tilføre verneprosessen meir informasjon. Meir utfyllande fakta om digitale småkraftverk er omtalt under overskrifta Brukarinteresser i dette høyringsdokumentet.

Grunneigar får høyringsdokumentet med informasjon om potensialet for kraftutbygging. Skogvern er også ein måte å sjå potensial og lønsemd i bratte og vanskeleg tilgjengelege område.

Direktoratet for mineralforvaltning kjem med innspel om at det er ein registrert sand- og grusførekomst i området rundt Osen gard. NGU har registrert førekomsten til «lokal betydning». I vest er det registrert ein pukkførekomst som NGU har vurdert til å være av «liten betydning». Direktoratet for mineralforvaltning ber oss vurdere kva verknadar verneplanen vil ha på disse førekomstane og korleis vernet vil påverke mogelegheitene til å få tilgang til ressursane på kort og lang sikt. DMF ber oss også informere grunneigar.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi takkar for informasjonen frå DMF om den registrerte pukk-lokaliteten vest i kandidatområdet, rundt Uførevika og Parisholmen, og tek den til orientering. På flyfoto observerer vi at det meste av eigedom 89/1 på pukk-lokaliteten er bart fjell. Dei nedre delar av tilbodsområdet som er registrert som pukklokalitet av liten betydning er delvis dekt av vegetasjon og ligg i dag vanskeleg tilgjengeleg for utnytting.

Vi tek til også til orientering den registrerte grus- og sandførekomsten rundt Osen gard. Då vi var på synfaring i området registrerte vi at grunneigar hadde pågående aktivitet der med uttak av grus og sand, eit område lett tilgjengeleg ved vegen. Dette arealet, og eit større areal rundt, er heldt utanfor tilbods- og utgreiingsarealet for frivillig skogvern. Ein framtidig status som naturreservat vil gjere det vanskeleg å utvinne mineral eller bergartar innanfor vernegrensa. Grunneigar held av noko areal til drift og aktivitet som sanduttak, og ønskjer å verne andre delar av arealet for å ta vare på skogen. Verneføremålet tek høgde for å ta vare på det (biologiske og) geologiske mangfaldet i mest mogeleg urørt tilstand.



Statens vegvesen skriv i si uttale at det ikkje er riksvegar i det aktuelle området, men at fylkesveg 5696 går langs delar av den potensielle verneområdegrensa. SVV skriv at Vestland fylkeskommune vil kunne ha merknadar til eventuelle verknadar vernet vil kunne ha for fylkesvegen fordi den går gjennom potensielt skredfarleg område. SVV skriv at verneforskrifta må ta høgde for skredsikring dersom det skulle bli aktuelt med tiltak.

Kommentar frå Statsforvaltaren:

Vi vurderer at naturmangfaldlova si § 48 vil kunne ta høgde for ein eventuell dispensasjon frå vernereglane dersom det skulle bli aktuelt. Forvaltningsmyndigheita kan gjere unntak frå eit verneverd tak dersom det ikkje strir mot verneverd taket sitt føremål og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom tryggleiksomsyn eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt (vår understrekning). Vi har ikkje fått innspel frå Vestland fylkeskommune i saka, men ønskjer gjerne innspel i høyringsrunden.

Innspel og vidare framdrift

Det er ønskjeleg med innspel på det frivillige skogvernet slik at prosessen og tema kan bli så opplyst som mogleg. Etter at innspel på denne høyringa føreligg, vil Statsforvaltaren vurdere innspela og ta endeleg stilling i si tilråding av vern til Miljødirektoratet.

Meir informasjon om naturkvalitetane, kartavgrensing og verneforskrift finn du på [nettstaden](#) vår. Der kan du sende inn innspel til denne høyringa. Det er også mogleg å sende innspel med brev til Statsforvaltaren ved Miljøavdelinga, Njøsavegen 2, 6863 Leikanger, eller per e-post til sfvpost@statsforvalteren.no.

Frist for å kome med innspel er 1. september 2022.

I adresselista har vi forsøkt å få med alle dei aktuelle høyringspartane vi veit om. Dersom de finn feil eller veit om fleire partar som de meiner burde ha fått brevet ber vi om tilbakemelding om dette.

Med helsing
Sissel Storebø
fung. miljødirektør

Eline Orheim
Seksjonsleiar, naturmangfald

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg:

- 1 Framlegg til verneforskrift Osøyra_Kinn
- 2 Framlegg til vernekart Osøyra_Kinn

Kopi til:

Klima- og miljødepartementet	Postboks 8013 Dep	0030	OSLO
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Statens Naturoppsy	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM

**Mottakarliste:**

INDRE SUNNFJORD TURLAG	Postboks 488	6801	FØRDE
Fiskarlaget Vest	Slottsgaten 3	5003	BERGEN
Norsk Bonde- og Småbrukarlag	Akersgata 41	0158	OSLO
Universitetet i Bergen	Postboks 7800	5020	BERGEN
NHO Reiseliv	Postboks 5465	0305	OSLO
	Majorstuen		
Vest politidistrikt	Postboks 85	6901	FLORØ
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY
FLORA IDRETTSLAG		7525	FLORNES
Norges Skogeierforbund	Postboks 1438 Vika	0115	OSLO
Naturhistorisk museum	Postboks 1172	0318	OSLO
	Blindern		
Technogarden	Vestfjordgaten 4	1338	SANDVIKA
Norsk Biologforening	Postboks 1066	0316	OSLO
	Blindern		
Norges Jeger- og Fisker forbund	Postboks 94	1378	NESBRU
Norsk institutt for naturforskning	Postboks 5685	7485	TRONDHEIM
	Torgarden		
Høgskulen på Vestlandet	Postboks 7030	5020	BERGEN
Kommunal- og moderniseringsdepartementet	Postboks 8112 Dep	0032	OSLO
FLORA CYKLEKLUBB	c/o Per Ståle Vågene	6908	FLORØ
	Brandsøyvegen 93		
Friluftsrådenes Landsforbund	Gamle Drammensvei	1337	SANDVIKA
	203		
Norges Kystfiskarlag	Postboks 97	8380	RAMBERG
Forum for Natur og Friluftsliv i	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Hordaland v/ Bergen Turlag			
Den Norske Turistforening	Youngstorget 1	0181	OSLO
Direktoratet for mineralforvaltning	Postboks 3021 Lade	7441	TRONDHEIM
med Bergmesteren for Svalbard			
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091	0301	OSLO
	Majorstua		
Hans Terje Anonsen	Svardalsvegen 1147	6940	Eikefjord
Sabima	Mariboes gate 8	0183	OSLO
Norges Naturvernforbund	Miljøhuset, Marieboesgate 8	0183	OSLO
WWF Verdens naturfond	postboks 6784 St. Olavs Plass	0130	OSLO



Norsk Bergindustri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Fiskeri- og Havbruksnæringens Landsforening	Postboks 5471 Majorstuen	0305	OSLO
NTNU	Postboks 8905	7491	TRONDHEIM
Friluftslivets Fellesorganisasjon	Nedre Slottsgate 25	0157	OSLO
Norsk institutt for bioøkonomi	Postboks 115	1431	ÅS
Luftfartstilsynet	Postboks 243	8001	BODØ
Landbruksdirektoratet	Postboks 1450 Vika	0116	OSLO
FLORA JEGER & FISKERFORENING	Postboks 381	6902	FLORØ
Norsk Zoologisk Forening	Boks 102 Blindern	0314	OSLO
Statnett SF	Postboks 4904 Nydalen	0423	OSLO
Statens Kartverk	Postboks 600 Sentrum	3507	HØNEFOSS
Norsk Ornitologisk Forening	Sandgata 30 B	7012	TRONDHEIM
Norges Geologiske Undersøkelse	Postboks 6315 Torgarden	7491	TRONDHEIM
Norges Orienteringsforbund	Postboks 5000	0840	OSLO
FLORA SKOGEIGARLAG	v/Anne-Karin Kleiven Rynning Klauvene	6913	FLORØ
Norges Bondelag	Postboks 9354 Grønland	0135	OSLO
KS - Kommunesektorens organisasjon	Postboks 1378 Vika	0114	OSLO
Det norske skogselskap			
Norges Miljø- og Biovitenskapelige Universitet	Postboks 5003	1432	ÅS
Kystverket	Postboks 1502	6025	ÅLESUND
Fiskeridirektoratet	Postboks 185 Sentrum v/Liv S Lono	5804	BERGEN
FLORA BONDELAG	6919	TANSØY	
FLORA TURLAG	Postboks 365	6902	FLORØ
Stadnamntenesta på Vestlandet	Postboks 7805	5020	BERGEN
Statkraft SF	Postboks 200 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Industri	Postboks 7072 Majorstuen	0306	OSLO
Norges Miljøvernforbund	Postboks 539	5806	BERGEN
Vegdirektoratet	Boks 8142 Dep.	0033	OSLO
Universitetet i Tromsø - Norges arktiske universitet	Postboks 6050 Langnes	9037	TROMSØ
Norskog	Postboks 123 Lilleaker	0216	OSLO
Norsk Organisasjon for Terrengsykling NOTS	Postboks 7079 St. Olavsplass	0130	OSLO



Fortidsminneforeningen	Dronningens gate 11	0152	OSLO
Natur og ungdom	Postboks 4783	0506	OSLO
Vestland fylkeskommune	Sofienberg		
Norges Dykkeforbund	Postboks 7900	5020	BERGEN
	Serviceboks 1, Ullevåll	0840	OSLO
	Stadion		
Norsk Sau og Geit	Postboks 104	1431	ÅS
Havforskningsinstituttet	Postboks 1870	5817	BERGEN
	Nordnes		
Norsk Botanisk Forening	c/o Naturhistorisk museum, Postboks 1172 Blindern	0318	OSLO
Forum for Natur og Friluftsliv i Sogn og Fjordane	Sognefjordvegen 40	6863	LEIKANGER
Norges Handikapforbund	Postboks 9217 Grønland	0134	OSLO
Avinor	Postboks 150	2061	GARDERMOEN
Forsvarsbygg	Postboks 405 Sentrum	0103	OSLO